



Erfaringar frå oppkopplingsøvinga for satellittelefon

I veke 51 arrangerte Fylkesmannen ei oppkopplingsøving for satellittelefon, der 18 av dei 23 kommunane som har satellittelefon deltok. Vi vil i det følgjande gje ei oppsummering av nokre viktige erfaringar vi har gjort oss.

Varierende dekning og talekvalitet

Øvinga viser mellom anna at vi må rekne med at ein samtale over satellittelefon vert broten. Den gjennomsnittlege samtalen varde i om lag to minuttar. Tilbakemeldingane vi fekk frå kommunane undervegs, viser at mange er overraska over at talekvaliteten kan variere relativt mykje i løpet av ein samtale. Trass varierende talekvalitet, opplevde vi at hovudtrekka i samtalanane vart forstått. Difor kan satellittelefon vere eit verdifullt verktøy ved bortfall av anna elektronisk kommunikasjon. For å optimalisere talekvaliteten er det fornuftig å gjer ei kartlegging av dekninga lokalt. Satellittkommunikasjon er avhengig av fri sikt mellom satellitt og telefon. Nærleik til høge bygningar, tre, telemaster o.a. kan ha stor påverknad på dekninga. I tillegg kan skyer og nedbør gjere signalet dårlegare.

Gode erfaringar hjå dei som nyttar satellittelefon i beredskapsøvingar og ved hendingar

Dei fleste kommunane har gode rutinar for opplading og jamleg testing av satellittelefon. Samstundes viser det seg at det er få kommunar som har brukt satellittelefon i samband med uønskte hendingar og beredskapsøvingar. Det er likevel nokre kommunar som har hatt god nytte av satellittelefon ved bortfall av telenettet. Fleire av desse har i tillegg trena på bruk av satellittelefon som eit moment i beredskapsøvingar, og tilrår andre kommunar å gjer det same. På den måten kan ein få ei meir realistisk trening i bruk av satellittelefon, og verte meir medviten om at det kan vere ei alternativ sambandsløyving ved reelle hendingar.

Få har opplæring i bruk av satellittelefon

Ein annan viktig lærdom er at det verkar som om forholdsvis få personar i kommunane har fått opplæring i bruk av satellittelefon. For å redusere denne sårbarheita, tilrår vi at nøkkelpersonell (t.d. i kriseleiing og -stab) får slik opplæring. I tillegg kan det vere fornuftig å lage ei stegvis brukarrettleiing som kan liggje i nærleiken av satellittelefonen til ei kvar tid. Det er òg viktig at alle veit kvar utstyret er plassert.

Oppkopplingsøvingar gjer verdifull læring

Vi har fått tilbakemeldingar om at oppkopplingsøvingar som denne er verdifulle, og at mange kommunar ønskjer fleire slike øvingar både internt og med Fylkesmannen. Øvinga bidrog mellom anna til å avdekke utstyr som ikkje fungerer, og område med særleg dårleg dekning. Nokre kommunar har oppdaga at dei må utbetre rutinanane for testing av utstyr. Andre kommunar har no gått i gang med å vurdere innkjøp av nye satellittelefonar og eksterne antenne-løysingar.

Oppsummering av tilrådingane våre:

- Gjer ei kartlegging av lokale dekningsforhold.
- Etabler rutinar for lading og jamleg testing av satellittelefonen.
- Tren på å bruke satellittelefonen, gjerne i samband med beredskapsøvingar.
- Nøkkelpersonell (t.d. i kriseleiing og -stab) bør få opplæring i bruk av satellittelefon.
- Lag ei stegvis brukarrettleiing som kan liggje ved satellittelefonen.
- Syt for at nøkkelpersonell veit kvar satellittelefon-utstyret er plassert.